


# Draumen om den kontekstsfrie og verdinøytrale sanninga

Med NRK-programmet "Folkeopplysningen" friskt i minne, er denne boka eit kjærkome innslag når det gjeld å skapa kunnskap om korleis me i framtida kan byggja bru mellom såkalla objektiv og subjektiv vitenskap. For me som til dagleg arbeidar med individuelle behandlingsstrategiar, er boka høgaktuell og gjev solid innsikt i dei utfordringane som gjer seg gjeldande når ein ynskjer å dokumentera slik praksis.

I motsetnad til boka Snåsakoden av Kristian Gundersen, der føremålet var å slå fast at naturmedisin og alternativ behandling saknar eit kvart vitenskapleg fundament og difor bør kastas på den medisinske likhaugen, set Skaftnesmo si bok fokus på vitenskapshistoria og prøver å forstå den såkalla evidensrørsla (les gjerne: hard science) i ein større kulturhistorisk kontekst. Boka fyller etter mi meining "det vitenskaplege tomrommet" som oppsto etter Folkeopplysninga og Foreningen Skepsis sin kampanje mot vår sektor. Vona er at me i framtida kan få eit meir nyansert ordskifte og spesielt at diverse mediefolk les denne boka.

Boka har også eit interessant og klargjerande forord av professor i psykologi ved Høgskulen i Volda, Tor-Johan Ekeland. Han skriv blant anna: "Evidensrørsla har klart å skape ei oppfatning av at dei er meir på parti med vitenskapen enn sine kritikarar, mens den i praksis har fleire dogmatiske trekk og er lite open for kritikk. Det dogmatiske ligg m.a. i trua på at å sortere kunnskapen etter eit bestemt hierarki av metoddesign vil gi rangering av kva kunnskap som er best for bruk i praksis. I vitenskapshistoria er ikkje dette nokon ny tanke, men blant vitenskapsteoretikarar rekna som å vere oppgidd for lengst, og ei kvar moderne metodebok vil leggje vekt på at det er fenomena og problema ein studerer sin eigenart som må avgjere metodebruken. Ingen metodar er teorinøytrale – dei impliserer førestillingar om den verda dei vil (be) gripe".



Trond Skaftnesmo:  
**Evidensbasering – det nye sannhetsmaskineriet**  
 Paradigmeskifte forlag  
 ISBN: 978-82-93235-08-8

## Struktur og metodediskusjon

Boka har tre hovudtema: – klargjering av omgrepet evidens og historia bakom det som blir nemnt som evidensrørsla og korleis dette har påverka utdanning, fagpolitisk forvaltning, forskning og klinisk praksis – vitenskapshistorisk og filosofisk bakteppe – og evidensbasering i skule og samfunn. Det siste temaet er spesielt knytta opp til at forfattaren er lærar og har blant anna vore leiar ved Institutt for Steinerpedagogikk frå 2003 – 2007. Han er dessutan utdanna naturforvaltar frå UMB (Universitet for miljø- og biovitenskap) og har hovudfag i filosofi ved UiO (Universitetet i Oslo).

Forfattaren viser under temaet evidensbasering i skule og samfunn, at ei slik tilnærming har fleire tange-

ringspunkt med den metodediskusjonen me har innan naturmedisin og alternativ behandling. Hierarkiet av ulike metodar der RCT (randomized clinical trials) tronar øvst, kan gje eit resultat som ikkje fangar opp dei individuelle og meir komplekse forholda som kan ha betydning for resultatet. Og i vår praksis møter vi sjeldan dei pasientane som er mest tilpassa ein RCT-metode. Dei fleste pasientar har eit komplekst sjukdomsbilete og vil krevja ein individualisert behandlingsstrategi. Kombinert med at ein slik forskingsmetode er svært ressurs- og kostnadskrevjande, tilseier dette at det stort sett er aktørar med store økonomiske «musklar» som har høve til å gjennomføra slik forskning og som dermed kan skaffa seg store økonomiske fordelar på sikt. Sanninga om kva som i eit kvart tilfelle er best praksis, er såleis ikkje berre avhengig av best forskingsmetode og kvalitet, men også storleiken på pengebingen dei ulike aktørane forvaltar. At biokjemien er dominerande innan vestleg medisin, er difor ikkje noko overraskning. At dette er ei demokratisk utfordring og på sikt eit svært kostnadskrevjande prosjekt, burde ikkje overraska nokon som fylgjer litt med i helsedebatten.

Sjølv om forfattaren er kritisk til RCT-metoden, utelukkar han ikkje metoden: «RCT er åpenbart et kraftig verktøy for å gi statistisk belegg for visse effekter, spesielt slike som er relativt svake, universelle og lite kontekstensitive. Men det betyr ikke at slike studier er best egnet til alle typer spørsmål og faglige kontekster».

### Dei to kulturar og vegen vidare

Den engelske fysikaren og forfattaren Charles P. Snow skapte omgrepet «the two cultures», med spesielt å visa til skilnaden mellom det ein på norsk kallar naturvitskap og humanoria. Naturvitskapen held seg til den romlege og stofflege og etterspør kausalitet (årsak/verknad), medan humanoria held seg til medvit og kultur og etterspør meining og hensikt. Dette meiner forfattaren kunne ha vore ei grei arbeidsdeling om verda var slik, og stillar spørsmåla: «Men verden er dessverre - eller heldigvis – ikke skarpt oppdelt på denne måten. Det oppdager vi straks vi spør: Hvor hører levende organismer hjemme? Hva med oss mennesker?» Vidare: «Siden mennesket er et kronisk psykosomatisk fenomen, holder det ikke å si: Soma til naturvitenskapen og psyken til humanoria. Spørsmålet er: Hvor finner vi den vitenskapen som betrakter og behandler som et hele det som foreligger som et hele?»

Til det siste kunne ein kanskje tilføya: når lidinga blir oppfatta som sjølv sjukdomen, blir behandlingsstrategien fragmentert og me får ei oppdeling i spesialitetar som hindrar ein å sjå heile menneske – både som heilskapleg organisme og biografi.

” Siden mennesket er et kronisk psykosomatisk fenomen, holder det ikke å si: Soma til naturvitenskapen og psyken til humanoria.

### Konklusjon

Boka er prega av ein forfattar som er sterkt engasjert i vitskapsteoretiske spørsmål, og som samstundes klarar å gjera dette forståeleg for ein lekmann/-kvinne. Det er reint ut vakkert å kunna lesa ei tekst som til dei grader er konsistent i sin argumentasjon, og som ikkje er i nærleiken av å skapa nye skyttargraver. Tvert om; den står som eit lysande døme på kva eit danna menneske kan frambringa av innsikt til sine medmenneske og vera med på å skapa eit nyansert ordskifte.

Om eg skulle koma med ein liten kritikk, kunne eg yn-skja meg eit stikkordsregister og ei oversiktleg forklaring på einskilde sentrale ord og omgrep.

Trond Skaftnesmo har i år takka ja til å vera med som forelesar ved Nordisk Naturmedisinsk Fagkongress på Sundvolden i slutten av oktober. Nytt høvet til å bli undervist av ein dyktig pedagog som eg trur også kan gje heile sektoren vår eit anna og meir nyansert syn på kvar me står i forhold til den vitskapsteoretiske tradisjonen – og ikkje minst i forhold til den ofte nedlatande og ironiske mediedebatten.

*leiar@nnh.no*



- ✓ Høyt EPA:DHA-forhold gir hurtig effekt
- ✓ Naturlig fiskeolje, ingen konsentrater
- ✓ Effektive antioksidanter fra økologisk, kaldpresset olivenolje
- ✓ Villfisk fra bærekraftig bestand



[www.sanhelse.no](http://www.sanhelse.no)

Lær mer om fettsyrer og fettsyrebalanse, gratis kurs annonseres på FB-gruppa fettsyrer.net

For måling og analyse av:

- ✓ Omega-6/3-forholdet
- ✓ Omega-3-indeksen
- ✓ Industrielt transfett
- ✓ Karbohydratmarkøren C16:1 n-7
- ✓ Inkluderer individuelle kostholds-vurderinger til testresultatet

